

INNKALLING TIL MØTE I STUDENTHOVEDSTADEN

Dato: Onsdag 19. oktober 2022
Møtetid: 13:00-14:00
Stad: 2. Etasje Villa Eika

Innkalla til møte:

Leiar av Velferdstinget i Oslo og Akershus, Marius Torsvoll
Leiar av Studentparlamentet ved UiO, Oline Marie Sæther
Leiar av Studentparlamentet ved OsloMet, Karl Magnus Nikolai Coronus Nyeng
Leiar av BI Studentorganisasjonen, Youri Van der Werve
Leiar av Studentunionen ved Høyskolen Kristiania, Marie Pedersen
Leiar for Det Norske Studentersamfund, Olav Rørstad
Leiar av Kjellerpubnettverk på UiO, Henrik Vincent Fiske Vassal
Leiar av Studentidrettsrådet, Frida Rasmussen
Leiar av SiOs hovedstyre, Stine Johannessen
Fungerande leiar av Konsulatet ved OsloMet, ukjend
Studentlivskoordinator på OsloMet, Beate Thandiwe Dessingthon
Rådet for de mindre, ikkje valt enda
Rådet for de mindre, ikkje valt enda

Observatør: Andrine, Samarbeidsansvarlig i Velferdstinget på vegne av Rådet for dei mindre

Til stades på møte:

Leder av Velferdstinget i Oslo og Akershus, Marius Torsvoll
Leiar av Studentparlamentet ved UiO, Oline Marie Sæther
Leiar av Studentparlamentet ved OsloMet, Karl Magnus Nikolai Coronus Nyeng
Leiar av Studentunionen ved Høyskolen Kristiania, Marie Pedersen
Leiar for Det Norske Studentersamfund, Olav Rørstad

Observatør: Andrine, Samarbeidsansvarlig i Velferdstinget på vegne av Rådet for dei mindre

DAGSORDEN

Møtestart klokken 13:00

Sak 1) Val av møteleiar og referent

Valt møteleiar: Marius

Valt referent: Henriette

Sak2) Godkjenning av innkalling

Innkalling godkjennast.

Sak 3) Kort orienteringsrunde

Oline: Skal ha demonstrasjon neste veke, eventuelt sak. Jobbar med leiinga om dekan-møte, var på besøk der i dag for å snakke om studentmedverking.

Olav: Planlegger til medlemsmøte, og arbeida med å få frivilligheten opp å gå. Er nesten fullbooka på huset ut året.

Marie: Arbeida med generalforsamling på måndag. Bergen har generealforsamling i dag. Skal jobbe med ein politisk delegasjon som skal sitte i Velferdstinget. Driver å omorganiserer, og finne ut kven som skal gjere kva.

Dei mindre: Dei fleste har hatt val til studentråd no, arbeidar med å få kontakt med alle.

Karl Magnus: Fått orgkons tilbake på jobb. Arbeida med «still til val», sliter med lite folk som stiller. Nokre fakultet er flinkare enn andre. Vore med på div innspelsrundar.

Marius: Påverka ein del opp mot Oslo budsjettet, møtt venstre og rødt. Vært på studentpolitisk toppmøte, og innspelsmøte med opptrapping psykisk helse. Frivillighetskonferanse til Oslo kommune, planlegger demonstrasjon saman med UiO.

Sak4) Punkter til møte med byråd for næring og eierskap.

Kollektiv – gi ros for det dei har gjort, men også sei noko om kva som kan bli betre. For eksempel heve aldersgrense for studentrabatt.

Studentbyråd – generelt studenttilbod, lågterskeltilbod.

Kommunen burde gi meir penge til studentfrivilgheten, gjerne gjennom lokale.

Auke SiO sin tilstedeverelse i sentrum – flytte ting nærmare sentrum. For eksempel Athletica.

Psykisk helse – kommunen har kutta store summar, vi vil ha svar på kor dei har tenkt at kommunen skal dekke opp dette tilbodet.

Målretta satsing på studentar.

Sentralt brukerråd – oppnemnar studentar for å sitte i ein bystyreperiode.

Sak 10) Eventuelt

Demonstrasjon: Neste veke skal det være demonstrasjon på Eidsvoll plass, mot skulepenger på internasjonale studentar og for auka studiestøtte.

OsloMet, VT, DNS

«Borten Moe er eit nek» - mvh Karl-Magnus

STUDENTHOVEDSTADEN

- *Studenter i sentrum*

Kva kan vi gjere for å få med folk?

- Spreie det til internasjonale studentar, finne fadderkoordinatorane til dei internasjonale studentane. Det skal vere SAiH møte i dag, kan sei i frå her. Få institusjonen til å legge ut melding på Canvas.

Medlemsmøte i DNS

- Skal vedta ny handlingsplan, og tar gjerne i mot innspel på denne.

Møteslutt 16:52